


# Kva er Circle of Security?

Å vere forelder kan vere både lett og vanskeleg. Alle barn gjer oss til tider rådville. Skulle du ønske at barnet ditt kom med brukarmanual? Ingen barn har ei eiga oppskrift, men vi kan trene oss i å sjå

barnet sitt behov. Vågsøy kommune ønsker alle foreldre velkommen på kurs der vanlige, viktige og vanskelege tema i foreldrerolla vert drøfta. Gjennom 8 samlingar vert du invitert til å reflektere over foreldrerolla saman med kurshaldar og andre foreldre.



## Kven er tilbodet for?

Til alle foreldre som ynskjer å vite meir om dei grunnleggande behova alle barn har, og korleis ein kan dekke desse behova. Kurset er særleg anbefalt til småbarnsforeldre, men er også relevant for å forstå eldre barn. Du treng ikkje oppleve vanskar med barnet ditt for å ha glede og nytte av COS-kurs.

## COS i Vågsøy kommune

Kurstilbodet er eit samarbeid mellom barnehagar, helsestasjonen og barnevernet i Vågsøy kommune. Kursa vert arrangert på tvers av einingane.

## Meir informasjon og påmelding:

Vågsøy helsestasjon

Helga Skartveit: Tlf: 45 63 83 12

Elin Lesto Larsen: Tlf: 97 49 71 38

Via sentralbordet: 57 84 50 00

## Meir informasjon

[www.vagsoy.kommune.no](http://www.vagsoy.kommune.no)

[www.circleofsecurity.com](http://www.circleofsecurity.com)

## Kva er hensikta med COS-rettleiing?

- Betre forståing av barnet sitt behov, og gjennom det betre omsorgen for barnet.
- Hjelp deg som omsorgsperson å forstå kvifor barnet oppfører seg som det gjer, og korleis barnet kan få hjelp på ein utviklingsstøttande måte.
- Hjelp barnet til å utvikle god sjølvregulering og sosial kompetanse.
- Førebygge og betre tilknytningsvanskar mellom barnet og deg som omsorgsperson.



## Praktisk informasjon om kurset:

- Kurset er gratis
- Går over 7-8 gonger med ei veka mellomrom.
- Foreldregruppa er på 6-10 personar.
- Kurset varar 1,5 timer
- Læringa foregår gjennom ein kombinasjon av videoklipp, samtalar, erfaringsutveksling, refleksjon og å prøve teori ut i praksis.
- Der ein er 2 foreldre er det flott å delta saman.
- Ein vel sjølv kor mykje ein ønsker å dele i gruppa.



## Foreldrekurs

**for alle som vil  
lære meir om det  
å vere foreldre**



**VÅGSØY KOMMUNE**

